

Allemannsretten

Ein viktig del av kulturarven vår er å vere ute inaturen. Vi har frå gammalt av hatt rett til å ferdast iskog og mark – etter elvane, på innsjøar og iskjergarden – og til fjells uavhengig av kven som eiggrunnen. Rett til ferdsel gjeld i utmark og inneber at du også har plikter når du er ute i naturen. Hugs å lukkegrinder etter deg og vis omsyn til dyr på beite. Hardu hund, respekter bandtvangen. På Hitsøy er detsau på beite heile året. Ver også varsam med eld – hugs at du ikkje kan tenne bål i nærleiken av skogs-mark i tida 15.4 – 15.9. Dersom du lagar bål i strand-kanten – ikkje legg bål-plassen rett på svaberg slik at berget sprekk opp. Med telt kan du fritt overnattsame stad i utmark inntil 2 døgn i låglandet, utan åspørje grunneigar. Men hugs at du aldri skal setje opp teltet nærare enn 150 m frå hus eller hytte derdet bur folk. Ver nøye med å rydde når du dreg. Utmark er udyrka mark, og omfattar det meste avvatn, strand, myr skog og fjell i Noreg. Udyrka mindreal av dyrka mark reknast ikkje som utmark. Innmark er all dyrka jord; åker, eng, kulturbeite, hage - og i tillegg yngre plantefelt, gardsplass, hustomt og industriareal.



Fjell kommune

Hitsøy
friluftsområde

BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan som forvaltar nærare 182 friluftsområder på ca 24.500 dekar i Bergen og omlandskommunane Askøy, Austevoll, Austrheim, Fjell, Fusa, Lindås, Meland, Os, Tysnes, Samnanger, Sund, Radøy og Øygarden. Medlemskommunane har eit samla folketal på omlag 328.000. BOF har 10 fast tilsette. Verksemda finansierast i hovudsak av kontingent frå medlemskommunane, tilskott frå stat og fylkeskommune, samt inntekt frå drift av båttopplag og utleie av bygningar. BOFs hovudoppgåve er i samarbeid med medlemskommunane, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar å arbeide for sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområder av forskjellig slag til allment bruk, samt å arbeide for større forståing for friluftslivets verdi, betre friluftskultur og utbreiing av friluftslivet.



Bergen og Omland Friluftsråd
Hellebakken 45, 5039 Bergen
Tlf: 55 39 29 50, nettsider: www.bof.no



F
Bergen og Omland Friluftsråd

